



Godt nytt år, og velkommen til eit nytt og spennande år for Norges Bygdekvinnelag!

Vi håpar lokallagssendinga både kan vere til nytte og inspirasjon.

### Innhald:

- Verving
- "KvinnerUT"
- Råvareaksjonen Ville vekstar
- Norsk tradisjonsmat
- Årsmøte i Norges Bygdekvinnelag 2018
- Innspel til valnemnda
- Bli årets lokallag 2017
- Momskompensasjon
- Organisasjonsskolen
- Vellukka grønnsaksaksjon
- Kulturminnedagane 2018
- Spørsmål og svar





## Bygdekvinnelaget våren 2018

**Hei, og godt nyttår alle sammen.**

*Vi starter på et nytt år med ny frisk. Her på innlandet hvor jeg bor, laver snøen ned så mosjonen kommer gratis fra himmelen. Oppgavene i bygdekvinnelaget kommer nesten like fort.*

*Vi forbereder oss til landsmøtet i juni med saker som skal på plass. Her kan du lese om aktuelle saker og litt av det du og ditt lokallag kan engasjere dere i.*

*Vi i sentralstyret reiser rundt på fylkesårsmøtene, så kanskje vi sees der. Ha et godt bygdekvinneår alle sammen!*

*Hilsen leder i Norges Bygdekvinnelag  
Ellen Krageberg*

### Verving

Veke 5 og 6 er Norges Bygdekvinnelag sine nasjonale verveveker, og då oppfordrer vi alle lokallag til å sette fokus på verving. Under vervevekene vil vi frå sentralt hald skape engasjement på Bygdekvinnelaget si Facebookside med vervekonkurransar og tips som lokallaga kan bruke og dele på sine egne sider. Norges Bygdekvinnelag sitt styre skal i løpet av vervevekene besøke lokal- og fylkeslag frå heile landet, og vil dele sine opplevingar og tips herifrå. Å vise fram gode aktivitetar håpar vi kan inspirere fleire kvinner til å bli medlem i vår organisasjon.

### Hugs!

- Ha aktivitetar som medlemane vil ha
- Prøv noko nytt
- Ver synlege
- Tør å spørje

Det vert også vervekonkurranse fram til 1. oktober med premiar til beste lokallag og det laget med høgast prosentvise auke.

### ”KvinnerUT”

Norges Bygdekvinnelag sitt prosjekt KvinnerUt har allereie 50 lokallag som er i gang med aktivitetar. Det er framleis mogeleg å søke om midlar til aktivitetar i 2018. No har du sjansen, så vær rask og bli med! Sosan kjem gjerne på besøk til fleire lag, og både reise og opphald vert dekkja av Bygdekvinnelaget sine prosjektmidlar.



*Vår prosjektleiar Sosan reiser rundt for å inspirere til aktivitet og fortelje si historie.*

*Foto: Hilde Kvivik Kavli*

Målet med KvinnerUt er å skape ein meir inkluderande organisasjon. Lokallaga vert utfordra til å søkje midlar til fire aktivitetar med vekt på å inkludere tilflyttarar og minoritetskvinner. Hugs at ein ikkje treng å gjere det så stort eller vanskeleg. Kva med å invitere til sanketur, lage mat saman eller gå ein tur. Om ditt lag allereie har fått prosjektmidlar så husk å ta bilete, skrive litt om og dokumentere aktivitetane. Har du spørsmål til prosjektet ta kontakt med prosjektleiar Sosan Asgari Mollestad på tlf. 901 41 091 eller e-post: [sosan.mollestad@bygdekvinnelaget.no](mailto:sosan.mollestad@bygdekvinnelaget.no).

## Råvareaksjonen Ville vekstar

Norges Bygdekvinnelag sin råvareaksjon for 2018 er ville vekstar. Målet med råvareaksjonen er at fleire skal bli kjende med det rike mangfaldet av ville vekstar i den norske naturen. Å hauste av dei lokale ressursane er positivt for miljøet, og aukar nærleiken til naturen kring oss.

Interessa for ville vekstar er stor, og sanketurar saman med guide har vore populært i mange lokallag. Her er det verkeleg potensiale for å vise fram Bygdekvinnelaget og invitere med seg nye kvinner ut på tur. Råvareaksjonen er ypparleg å kombinere med KvinnerUt.



Bestill hefte hjå Bygdekvinnelaget.

I samarbeid med dei aktive sankarane og forfattarane av boka "Fra naturens spiskammer", har vi laga oppskriftshefte med tips til bruk av ville vekstar i mat. Hefta er gratis og kan bestillast hjå oss i administrasjonen.

**Du kan enkelt bestille boka rett heim i posten til medlemspris kr 350,- . Send SMS med kodeord SPISKAMMER til 2030.**

Send inn bilde av kva aktivitetar ditt lokallag har gjennom året, så kan vi dele det på Bygdekvinnelaget si nett- og facebookside. Del også dine bilder på instagram med #bygdekvinne#villevekster.



## Norsk tradisjonsmat

Norges Bygdekvinnelag oppretta i 2017 nettsida norsktradisjonsmat.no. Nettsida inneheld

oppskrifter på tradisjonsrettar frå heile landet, og skal vere med å løfte fram tradisjonsmaten. Fylkes- og lokallaga har gjort ein fantastisk jobb med å sende inn oppskrifter. Noko som har gitt oss ei nettside vi kan vere stolte av. Tusen takk for innsatsen! Gunn Jorunn Sørsum som har vore prosjektleiar har avslutta sin jobb, og administrasjonen tek over den daglege drifta av sida.

Norges Bygdekvinnelag vil at dette skal vere ei tradisjonsmatside med enno fleire oppskrifter på lokale tradisjonsmatrettar. Det er Bygdekvinne i det ganske land som sit på skattane, så vi er avhengig av at du og ditt lag sender inn oppskrifter med bilete.

Bygdekvinnelaget ønskjer å vise fram alle dei gode lokale oppskriftene på norsktradisjonsmat.no, og oppfordrar lokallag og enkeltpersonar å sende inn oppskrifter.

### Send inn oppskrifter

- 1) Bruk det digitale oppskriftsskjemaet på [norsktradisjonsmat.no/send-oppskrift](https://norsktradisjonsmat.no/send-oppskrift)
- 2) Send på e-post til [astrid.seime@bygdekvinnelaget.no](mailto:astrid.seime@bygdekvinnelaget.no)

Ein kan sende inn oppskrift på alle typar mat og drikke.

Saman med oppskrifta bør du skrive det du veit om oppskrifta sin bakgrunn og historie, og kva som gjer den spesiell for deg, lokallaget og/eller lokalmiljøet dykkar. Dersom de har samla inn oppskrifter tidlegare er det heilt i orden å velje ei oppskrift frå dette arbeidet, for eksempel frå et hefte eller ei bok lokal- eller fylkeslaget har gitt ut.

Følg og lik norsk tradisjonsmat si Facebook-sida, og husk òg å legge inn dine matbilete på Instagram med #norsktradisjonsmat

## Årsmøte i Norges Bygdekvinnelag 2018

Norges Bygdekvinnelag inviterer saman med Troms Bygdekvinnelag til Norges Bygdekvinnelag sitt årsmøte 1. - 2. juni i Harstad. Under årsmøtet i 2016 vart det vedteke å auke talet på delegatar frå lokallaga for å gje fleire sjansen til å delta på årsmøtet, og å få ein enno meir demokratisk organisasjon.

Årsmøtet er organisasjonen sitt øvste organ. På årsmøtet har lokal- og fylkeslag moglegheit til å setje viktige saker på dagsorden. Saker frå lokallaga kan til dømes vere tema lokallaga vil at Bygdekvinnelaget skal engasjere seg i.

Om ditt lokallag har saker de ønskjer skal behandlast på Norges Bygdekvinnelag sitt Landsmøte i 2018 er frist for innsending 1. april 2018. Frist for forslag til vedtektsendringar er 9. februar.

## Innspel til valnemnda

Valnemnda skal innstille kandidatar til Norges Bygdekvinnelag sitt styre og valnemnd før årsmøtet i juni. Har du forslag til kandidatar eller tenkjer at dette kan vere noko du sjølv er interessert i? Send forslag til Torunn Børge Solberg, leiar i valkomiteen på e-post: [torunn\\_solberg@yahoo.no](mailto:torunn_solberg@yahoo.no) eller telefon: 413 10 046 innan 15. februar 2018. Husk å skrive både litt om erfaring/utdanning, og kontaktinformasjon på dine forslag.

## Bli årets lokallag 2017

For å skape litt konkurranse og synleggjere all den gode aktiviteten som skjer i regi av lokallaga, ønskjer Norges Bygdekvinnelag for tredje året å kåre Årets lokallag med ein premie på kroner 20 000,-. Vinnar av prisen vil bli invitert til og kåra på årsmøtet i Norges Bygdekvinnelag i Harstad 1.-2. juni 2018.

I 2017 var det Frogn Bygdekvinnelag som stakk av med den gjeve prisen for årets lokallag 2016.

Send inn ei grunngjeving til ditt fylkeslag innan 1. mars 2018. Fylkeslaget vurderer innan 1. april 2018 kva lokallag frå sitt fylke som går vidare til den nasjonale kåringa. Sjå vedlegg!

Les meir om Frogn på deira nettside [http://bygdekvinnelaget.no/arets-lokallag-er-frogn-bygdekvinnelaget](http://bygdekvinnelaget.no/arets-lokallag-er-frogn-bygdekvinnelag).

## Momskompensasjon

Over 200 lokal- og fylkeslag i Norges Bygdekvinnelag sendte i 2017 inn søknad om momskompensasjon. Godt jobba! I 2017 hadde lotteri- og stiftelsestilsynet ein pott på 1,3 milliardar kroner som dei fordelte på alle friviljuge lag og organisasjonar som søkte om kompensasjon for sine utgifter til varer og tenester. I år fekk vi 27 prosent avkortning på søkt beløp som totalt for organisasjonen (sentralt, fylkeslag og lokallag) var på 1,6 millionar kroner. Norges Bygdekvinnelag sine fylkes- og lokallag som søkte om momskompensasjon for rekneskapsåret 2016 fekk den utbetalt til sin konto i desember 2017.

Husk å sende inn søknaden for rekneskapsåret 2017. Fristen er 20. juni 2018.

## Organisasjonsskolen

Norges Bygdekvinnelag ønskjer å styrke organisasjonskompetansen til dei tillitsvalde i organisasjonen, og styret har vedteke å lage eit opplegg for kursing av tillitsvalde på alle nivå. Opplegget har fått namnet «Organisasjonsskolen». Føremålet med lokallagsskursa er å sikre grunnleggjande organisatorisk kompetanse hjå lokalt tillitsvalde. Kursa skal kunne gjennomførast av lokallagsstyra i eigen regi, og gjerne saman med andre lokallag. Lokallagsskurset skal delast inn i ulike tema med videoforedrag med påfølgjande oppgåver og diskusjonspunkt.

Opplegget til organisasjonsskolen skal vere ferdig til bruk hausten 2018.



## Vellukka grønsaksaksjon

Meir enn 140 lokallag stilte måndag 16. oktober opp utanfor sin nærbutikk og delte ut grønsaker. Tusen takk for den gode innsatsen! Dette var moro og meningsfylt.

16. oktober 2018, på verdas matvaredag, vil Bygdekvinnelaget ha ny aksjon. Det skal vere ei positiv markering. Vi vil ha alle med - sett datoen 16. oktober inn i årsplanen for 2018! Vi skal halde dykk oppdatert.



*Nes og Helgøya står på stand utanfor nærbutikken.*

## Hugs!

- Lik Bygdekvinnelaget si Facebook-side
- Bygdekvinnelaget er på Instagram med #bygdekvinner. Bli med du òg!
- Bruk arbeidsplan og sentrale prosjekt som inspirasjon!
- Ver aktiv på fylkesårsmøta. Nytt sjansen til å gje tilbakemeldingar og innspel til korleis vi saman skal drive Norges Bygdekvinnelag på best mogeleg måte.
- Du kan bestille materiell til ditt lag ved å kontakte administrasjonen
  - Lokallagsutsendinga kan lastast ned på [www.bygdekvinnelaget.no](http://www.bygdekvinnelaget.no). Såleis kan du dele den med resten av ditt lokallagsstyre.

## Kulturminnedagane 2018

Norges Bygdekvinnelag vil gjerne oppfordre dei laga som vil til å ta del i kulturminnedagane 8.-16.september 2018. Temaet for årets kulturminnedager er «Typisk norsk – ikke bare norsk».

Alle kan arrangere kulturminnedagar lokalt for å få fram mangfaldet i kulturarven. Lokallag i Bygdekvinnelag kan til dømes å delta med tradisjonsmatkurs, bunadsutstilling eller andre ting. Mange samarbeider med andre lag og organisasjonar i kommunen. Har ditt lag lyst å ha eit arrangement kan ein registrere seg på kulturvernforbundet sine nettsider [www.kulturvern.no](http://www.kulturvern.no), for å ta del i deira marknadsføring og ta i mot materiell.



## Spørsmål & svar

### Vi vil ha egne nettsider for vårt lokallag?

- Om ditt lag vil ha egen nettside hjelper vi gjerne til med det. Eigne nettsider er ein kjempefin måte å synleggjere laget sine aktivitetar på og såleis få nye medlemmar. Tale H. Ellingvåg i Bygdekvinnelaget held gjerne nettsidekurs for ditt eller fleire lag saman. Tale er Bygdekvinnelaget sin nettsiderettleiar og tek i mot alle spørsmål som gjeld lokallaga si nettside.

Ta kontakt på e-post [tale@bygdekvinnelaget.no](mailto:tale@bygdekvinnelaget.no) eller telefon 924 40 683

For å ha eigen side må ein betale ei årsavgift på kroner 1000,-. Om laget vil ha eigen nettside, ta kontakt med nettsideansvarleg Helle Berger på e-post: [helle.berger@bygdekvinnelaget.no](mailto:helle.berger@bygdekvinnelaget.no)

### Kvar finn et logo med vårt lokallag sitt namn på?

- Logoen til ditt lag ligg ute elektronisk på bygdekvinnelaget.no. under organisasjonsdokumenter. Her kan du laste ned logoen.

### Kjenner du nokon som vil starte opp eit nytt lokallag?

- VI vil gjerne ha fleire lokallag. Norges Bygdekvinnelag har laga eit hefte med praktisk informasjon om korleis opprette nye Bygdekvinnelag. Heftet ligg på bygdekvinnelaget.no under organisasjonsdokumenter. Alle nyoppstarta lag kan søke om kroner 10 000,- frå Bygdekvinnelaget sitt oppstartsfond.

### Kan vårt lokallag få besøk?

- Ja, absolutt. Vi vil gjerne besøke deg og ditt lokallag. Om laget vil ha besøk frå nokon i Norges Bygdekvinnelag sitt styre eller administrasjon for å fortelje om Bygdekvinnelaget sitt arbeid, kan du ta kontakt med administrasjonen.

### Vi er usikre på lokallaget si framtid. Kva skal vi gjere?

- Sentralstyret, fylkesstyret og administrasjonen skal gje råd og vink til deg og ditt lag når de har utfordringar eller vil få ny giv i laget. Ta kontakt så hjelper vi deg så godt vi kan.

### Eg får ikkje medlemsbladet mitt i posten?

- Gå inn på Min side via bygdekvinnelaget.no for å sjekke om det står rett adresse medlemsregistrert. (For å komme inn på Min side må du vere registrert med e-postadresse. Postadressa di kan du rette opp i sjølv eller ta kontakt med oss i administrasjonen for å få hjelp.) For å gå inn på min side brukar du medlemsnummeret ditt som brukarnamn. Om du ikkje har passord, klikk på gløymt passord og det vert sendt deg automatisk på e-post.

Har du problem med å logge inn på Min side eller ikkje har tilgang på Internett, kan du ta kontakt med Marie Aaslie i administrasjonen på e-post [marie.aaslie@bygdekvinnelaget.no](mailto:marie.aaslie@bygdekvinnelaget.no) eller telefon 22 05 48 15.

### Kva er medlemsnummeret mitt?

- Medlemsnummeret finn du på baksida av medlemsbladet ditt eller på medlemskortet.

### Har Bygdekvinnelaget gratis materiell som vi kan bruke på stand?

- Ja, Bygdekvinnelaget sitt materiellet til stand er gratis, men vi tek porto- og ekspedisjonsgebyr. Ta kontakt med administrasjonen på e-post [post@bygdekvinnelaget.no](mailto:post@bygdekvinnelaget.no).